

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - F00	17/1056

Saknr	Utval	Type	Dato
106/2017	Formannskapet	PS	07.11.2017

Eigenbetaling for pleie- og omsorgstenester og husleige for omsorgsbustader 2018

Vedlegg:

Journalposttittel

Oversikt eigenbetal div. kommunar (2)

Dato

31.10.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk bistand i heimen

Grunnlag (1G =) 93 634,- Pr 1. mai 2017	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 187 268	<i>statleg sats</i>	<i>Statleg sats</i>	
2G - 3 G «	187 269 – 280 902	260,-	700,-	
3 G - 4 G «	280 903 – 374 536	325,-	1.300,-	
4 G - 5 G «	374 537 – 468 170	395,-	1.580,-	
over 5 G «	468 171 -	395,-	1.580,-	

2. Satsar for kortidsopphald institusjon:

Her vil ein følgja staten sine satsar.

Fastsetting av fribeløp og eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester vil verta gjort når ein mottar rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet. (Rundskriv kjem i desember 2017)

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 6.150,- pr. mnd. (auke på 2,5 %)
4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 80,- pr. middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim.

Besøkjande og tilsette som kjøper middag kr. 100,-

Kr. 40,- pr. frukost / kvelds frå Masfjorden sjukeheim

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert kr. 350,- pr. mnd for 2018.

Inntekt under 2 G – betalar kr. 200,- pr. mnd

6. Dagopphald / nattopphald – medisinsk vurdert. Følger statleg sats.

Dagtilbod / aktivitetsopphald ved Masfjorden sjukeheim endrast til kr. 130,- pr. dag (inkludert middag og skyss).

Saksopplysningar:

Vurdering

I framlegg til eigenbetaling for pleie- og omsorgstenester har Masfjorden kommune gjennomført ei samanlikning med andre kommunar i Nordhordland og Bergen. Denne vurdering er gjennomført fordi kommunen har oppdaga at betaling pr. time for praktisk bistand har ført til ulikskap i høve intensjonen. Slik Masfjorden kommune har praktisert timebetaling for praktisk bistand har dette medført at dei med inntekt over 2 G, har betalt mindre enn dei med inntekt under 2 G. Ved å auke timepris på praktis bistand over 2G, vil systemet med differanse i høve inntekt vere meir likt. Sats for timebetaling for praktisk bistand under 2 G blir fastsett etter statleg sats.

Når det gjeld sal av middag, dagtilbod og tryggleiksalarm har Masfjorden kommune også vurdert dette opp mot andre kommunar i regionen.

Konklusjon

Eigenbetaling for pleie- og omsorgstenester og husleige for omsorgsbustadar 2018 blir godkjent som den ligg føre.

Formannskapet - 106/2017

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Rådmannen gjorde merksam på at pkt 7. Sats for støttekontakt / fritidskontakt var falle ut av saksframlegget. Det var tanken at denne satsen skulle auke frå 178,30 pr time til 181,64 pr time.

Rådmannen gjorde difor framlegg om eit tillegg til framlegg til vedtak:

7. Sats for støttekontakt / fritidskontakt vert kr 181,64 pr time.

Framlegg til vedtak med tillegg frå rådmannen lagt fram i møte vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

1. Eigenbetaling heimehjelp/praktisk bistand i heimen

Grunnlag (1G =) 93 634,- Pr 1. mai 2017	Inntektsramme	Satsar pr/time	Pris pr mnd	
Inntil 2 G utgiftstak på	0 – 187 268	<i>statleg sats</i>	<i>Statleg sats</i>	
2G - 3 G «	187 269 – 280 902	260,-	700,-	
3 G - 4 G «	280 903 – 374 536	325,-	1.300,-	
4 G - 5 G «	374 537 – 468 170	395,-	1.580,-	
over 5 G «	468 171 -	395,-	1.580,-	

Satsar for kortidsopphald institusjon:

Her vil ein følgja staten sine satsar.

Fastsetting av fribeløp og eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester vil verta gjort når ein mottar rundskriv frå Helse- og omsorgsdepartementet. (Rundskriv kjem i desember 2017)

3. Husleige i omsorgsbustader vert kr 6.150,- pr. mnd. (auke på 2,5 %)
4. Matombringning/sal av mat:

Kr. 80,- pr. middag m/dessert, levert frå Masfjorden sjukeheim.

Besøkjande og tilsette som kjøper middag kr. 100,-

Kr. 40,- pr. frukost / kvelds frå Masfjorden sjukeheim

5. Eigenbetaling for tryggleiksalarm vert kr. 350,- pr. mnd for 2018.

Inntekt under 2 G – betalar kr. 200,- pr. mnd

6. Dagopphald / nattopphald – medisinsk vurdert. Følgjer statleg sats.

Dagtilbod / aktivitetsopphald ved Masfjorden sjukeheim endrast til kr. 130,- pr. dag (inkludert middag og skyss).

7. Sats for støttekontakt / fritidskontakt vert kr 181,64 pr time